



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG HANDELSDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 67

(2005–2006)

Om lov om endringer i foretaksregisterloven, enhetsregisterloven og regnskapsloven (gjennomføring av rådsdirektiv 2003/58/EF)

*Tilråding frå Nærings- og handelsdepartementet av 7. april 2006,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhald i proposisjonen

I proposisjonen føreslår Nærings- og handelsdepartementet endringar i lovene for Føretaksregisteret og Rekneskapsregisteret som følgje av rådsdirektiv 2003/58/EF av 15. juli 2003. Direktivet endrar *rådsdirektiv 68/151/EØF om krav til offentlighet for visse selskapsformer (første selskapsrettsdirektiv)*.

I tillegg føreslår vi enkelte andre endringar for å effektivisere registreringa, også i lova for Einingsregisteret, i forhold til bruk av elektronisk kommunikasjon.

Første selskapsrettsdirektiv stiller krav om offentliggjerding av sentrale selskapsopplysningar for å verne tredjeperson og selskapsdeltakarar. Opplysningar om storleiken på selskapskapitalen, årsrekneskap, stiftingsdokument og vedtekter skal registrerast i eit offentlig register og kunngjerast offentlig. Første selskapsrettsdirektiv er gjennomført først og fremst ved *lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak* og opprettinga av Føretaksregisteret. Årsrekneskapen o.a. blir registrert i Rekneskapsregisteret.

Endringsdirektivet, rådsdirektiv 2003/58/EF, moderniserer første selskapsrettsdirektiv i tråd med den teknologiske utviklinga, og inneber m.a. at registrering av selskapsopplysningar, offentliggjerding og avlevering av informasjon frå Føretaks-

registeret og Rekneskapsregisteret skal kunne skje elektronisk. Dette er i hovudsak oppfylt ved dei elektroniske tenestene til Brønnøysundregistra.

Krava i direktivet samsvarar med regjeringa sine målsetjingar om gode og brukarvennlege elektroniske tenester frå det offentlege til næringslivet. Det er eit mål at Noreg skal vere leiande internasjonalt når det gjeld elektronisk kommunikasjon mellom det offentlege og brukarane. Brukarvennlege elektroniske tenester for næringslivet er med på å forenkle kvardagen for dei næringsdrivande. Dei betrar også samspelet mellom privat og offentlig sektor, og frigjer tid til verdiskaping i bedriftene. Brukarane kan ta den nødvendige kontakt med forvaltninga *når* det måtte passe og *der* det måtte passe.

Med utgangspunkt i dagens Altinn skal det utviklast ein felles portal for elektroniske tenester til næringslivet frå det offentlege. Departementet legg vidare stor vekt på å sikre samordna tenester, å sikre tempo i utviklinga og å sikre at utviklinga samsvarar med bedriftene sine ønske og behov. For at brukarane skal velje å ta løysingane i bruk, må dei vere brukarvennlege og tilrettelagde. Først då vil satsinga gi resultat i form av effektivisering av offentlig sektor og forenkling for næringslivet.

Regelverket må tilpassast for i størst mogleg grad å leggje til rette for effektiv elektronisk sam-

handling. Forslaga i proposisjonen er eit ledd i dette arbeidet, i tillegg til at krava i direktivet vert gjennomført. Hovudinnhaldet i proposisjonen er:

- Det er behov for enkelte oppdateringar i lovverket med omsyn til elektronisk avlevering av selskapsopplysningar og dokument frå registra. I einingsregisterlova blir det føreslått at ein skal ha rett til å få elektronisk kopi av registrerte dokument og rett til elektronisk stadfesting på slike kopiar frå registeret.
- I samsvar med krav i direktivet blir det føreslått ein rett i foretaksregisterlova og rekneskapslova til frivillig å kunne registrere og kunngjere selskapsopplysningar som er omsette til det språket ein ønskjer av dei offisielle språka til Fellesskapet. Vel selskapet å kunngjere ei slik omsetjing, er det ansvarleg overfor tredje person dersom det er manglande språkleg samsvar mellom dei obligatoriske norskregistrerte opplysningane og frivillig kunngjorde omsetjingar. Kontrollansvaret til registeret omfattar berre dei norskregistrerte opplysningane.
- I samsvar med krava i direktivet føreslår vi at plikta for dei næringsdrivande til å ta inn visse opplysningar om føretaket (organisasjonsnummer mv) i visse typar dokument skal gjelde uavhengig av kva medium dokumenta finst på, og også på eventuelle heimesider.
- Opplistinga av kva for dokument opplysningsplikta omfattar i foretaksregisterlova, blir føreslått justert for å få samsvar med tilsvarande føresegn i einingsregisterlova.
- Direktivet opnar for at det offentlege kan påleggje elektronisk innrapportering. Frå det offentlege si side vil det vere ressursparande å påleggje alle næringsdrivande å sende inn dokument og opplysningar elektronisk, og det vil vere med på å effektivisere registreringa. Det vil også vere til fordel for brukarane, mellom anna når det gjeld saksbehandlingstid. Vi føreslår at ein tek inn ein heimel til å gi forskrift om elektronisk innrapportering i foretaksregisterlova, einingsregisterlova og rekneskapslova.
- Vi føreslår elles ein forskriftsheimel om forenkle underskriftskrav ved elektronisk innrapportering av endringar i adressa til føretaket/eininga og kontaktinformasjon i foretaksregisterlova og einingsregisterlova.
- Vi føreslår at kravet om å stadfeste gjenpartar ved innsending til registrering blir oppheva.

2 Bakgrunn for lovforslaget

2.1 Innleiing

Forslaget byggjer på eit høyringsnotat som blei utarbeidd av Nærings- og handelsdepartementet hausten 2005.

Bakgrunnen for forslaget er det vedtekne endringsdirektivet som vi er pålagde å oppfylle og at vi ønskjer å tilpasse regelverket for i størst mogleg grad å leggje til rette for effektiv elektronisk samhandling. Vi føreslår derfor enkelte endringar i einingsregisterlova, rekneskapslova og foretaksregisterlova for å harmonisere lovene best mogleg med tanke på elektronisk kommunikasjon.

I høyringsnotatet vart det også lagt fram forslag til ein del endringar i forskriftene til foretaksregisterlova, einingsregisterlova og rekneskapsregisterlova. Nærings- og handelsdepartementet vil følge opp desse endringsforslaga separat.

2.2 Høyring

Høyringsnotatet vart sendt på høyring 24. november 2005 med høyringsfrist 1. februar 2006. Det vart sendt ut eit tillegg til høyringa 13. januar 2006 med forslag til endring i rekneskapslova. Høyringsfristen for tilleggsforslaget var 10. februar 2006. Høyringsbrev vart sende til desse institusjonane og organisasjonane:

- Finansdepartementet
- Justis- og politidepartementet
- Fornyings- og administrasjonsdepartementet
- Brønnøysundregistra
- Datatilsynet
- Domstoladministrasjonen
- Forbrukarombodet
- Kredittilsynet
- Lotteri- og stiftelsestilsynet
- Rikstrygdeverket
- Skattedirektoratet
- Statistisk Sentralbyrå
- Bedriftsforbundet
- Den norske advokatforening
- Den norske revisorforening
- Finansnæringsens Hovedorganisasjon
- Handels- og Servicenæringsens Hovedorganisasjon
- Landsorganisasjonen i Norge
- Næringslivets Hovedorganisasjon
- Norske Autoriserte Regnskapsføreres Forening
- Rederiforbundet
- Sparebankforeningen

Desse instansane har hatt merknader til forslaget: Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Finansdepartementet, Brønnøysundregistra, Data-tilsynet, Kredittilsynet, Statistisk Sentralbyrå, Finansnæringens Hovedorganisasjon, Sparebankforeningen, Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon, Næringslivets Hovedorganisasjon og Norske Autoriserte Regnskapsføreres Forening.

Høyringsinstansane er i hovudsak positive til dei føreslåtte endringane. Fleire er positive til tilrettelegging for auka bruk av elektronisk kommunikasjon og meiner det vil innebere ei betring av dei elektroniske tenestene til Brønnøysundregistra.

Merknadene blir behandla under kvart enkelt forslag i kapittel 3.

2.3 Endringsdirektivet

EØS-komiteen vedtok i avgjerd nr. 56/2004 av 23. april 2004 å endre EØS-avtalen vedlegg XXII ved innlemming av Europaparlaments-direktiv og rådsdirektiv 2003/58/EF om endring av rådsdirektiv 68/151/EØF (første selskapsrettsdirektiv) med tanke på offentlegheit i samband med visse selskapsformer. Stortinget samtykte i St.prp. nr. 76 (2003–2004).

Endringsdirektivet er eit resultat av EUs arbeid med å forenkle regelverket i den indre marknaden (SLIM). Formålet er å forenkle og effektivisere innsending av og tilgang til opplysningar om selskap. Direktivet tek vidare sikte på å forenkle formalitetane som selskapa blir pålagde i samband med offentleg innsyn. Det skal ein oppnå gjennom å bruke elektronisk kommunikasjon.

Krava skal vere oppfylte innan 1. januar 2007 og inneber i hovudtrekk at:

- selskap skal kunne innlevere pliktige dokument og opplysningar elektronisk til registra, og interesserte partar skal kunne få kopi av slike opplysningar og dokument i elektronisk form
- alle dokument og opplysningar som blir sende inn i papirform, skal konverterast til elektronisk form
- tilgangen til selskapsopplysningar på tvers av landegrensene skal betrast ved å tillate frivillig registrering og offentliggjeriing av dokument og opplysningar også på andre språk enn norsk. Godtruande tredjeperson kan vise til offentliggjorde omsetjingar
- krav om offentliggjeriing av registrerte opplysningar kan oppfyllest ved elektronisk offentliggjeriing. Plikter og rettar overfor tredjeperson

skal som hovudregel fastsetjast på grunnlag av denne offentliggjeriinga

- opplysningsplikter som er heimla i første selskapsrettsdirektiv, skal gå fram av alle forretningsdokument, uavhengig av kva for medium som blir brukt. Desse opplysningane skal også gå fram av eventuelle heimesider selskapet har.

I tillegg opnar direktivet for at medlemsstatane kan påleggje selskap å levere inn registreringspliktige dokument og opplysningar elektronisk.

2.4 Norsk regelverk i dag

Registrering og kunngjeriing av selskapsopplysningar er regulert i *lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak* (foretaksregisterlova). Registrering av årsrekneskap og andre rekneskapsopplysningar er regulert i *lov 17. juli 1998 nr. 56 om årsregnskap* (rekneskapslova). Utfyllande føresegner er gitt i *forskrift 18. desember 1987 nr. 984 om registrering av foretak* (foretaksregisterforskrifta) og i *forskrift av 16. desember 1998 nr. 1234 om innsending av årsregnskap mv. til Regnskapsregisteret og rett til innsyn i årsregnskap mv.* (rekneskapsregisterforskrifta). Verksemda til Einingsregisteret er regulert i *lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret* (einingregisterlova) og i *forskrift om registrering av juridiske personer m.m. i Enhetsregisteret* 9. februar 1995 nr. 114 (einingregisterforskrifta).

Alle næringsdrivande foretak, med avgrensa så vel som uavgrensa ansvar, pliktar å registrere seg i Foretaksregisteret. Det same gjeld enkeltpersonforetak som driv handel med dertil innkjøpte varer, eller som har meir enn fem fast tilsette i hovudstilling. Andre enkeltpersonforetak kan registrere seg på frivillig basis.

Einingar som har rekneskapsplikt etter rekneskapslova, skal kvart år sende inn årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding til Rekneskapsregisteret.

I det som følgjer, blir både innsendingspliktige etter rekneskapslova og registreringspliktige etter foretaksregisterlova omtala som registreringspliktige.

I eRegelprosjektet (2001) vart alt regelverk gjennomgått for å fjerne hinder for elektronisk kommunikasjon. På denne bakgrunnen kan vi ikkje sjå at det i dagens regelverk eksisterer rettslege hindringar for elektronisk innrapportering.

Foretaksregisteret og Rekneskapsregisteret tilbyr i dag nettbasert registrering til dei fleste foretak. Ettersom ordning for elektronisk signatur førebels ikkje er på plass, må dei som bruker nett-

basert registrering, sende inn signert utskrift på papir for å halde underskriftskravet som gjeld for meldingar i føretaksregisterlova § 4-3.

Det offentlege har i dag ikkje heimel for å påleggje elektronisk innsending.

Ved alle register blir alle innsende selskapsopplysningar lagra elektronisk.

Einingsregisteret og Føretaksregisteret avleverer i motsetning til Rekneskapsregisteret ikkje elektroniske kopiar enkeltvis. Ei rekkje selskapsopplysningar er likevel tilgjengelege elektronisk på nettsidene til registra. Dette er i hovudsak kunngjerings- og nøkkelopplysningar i Einingsregisteret o.l.

Det er i dag ikkje høve til å få registrert og kunngjort selskapsopplysningar som er omsett til andre språk.

Dokumentopplysningsplikta til næringsdrivande er regulert i føretaksregisterlova § 10-2. Føretak er pliktige til å gi opp namn og organisasjonsnummer, eventuelt MVA, på brev, kunngjerings- og andre dokument. For aksjeselskap og allmennaksjeselskap blir det stilt krav om at dei må gi opp meir omfattande opplysningar.

2.5 Om dei aktuelle registra

Forslaga i høyringsnotatet vedkjem Rekneskapsregisteret, Føretaksregisteret og Einingsregisteret. Registra er del av Brønnøysundregistra.

Informasjon frå registra blir offentleggjort elektronisk på Internett. Kunngjering av selskapsrelaterte opplysningar skjer gjennom den elektroniske kunngjeringspublikasjonen til Brønnøysundregistra, i samsvar med føretaksregisterlova § 6-2.

Rekneskapsregisteret (oppretta i 1981, underlagt Finansdepartementet/Kredittilsynet) mottek årsrekneskapane frå innsendingspliktige etter rekneskapslova og gjer dei tilgjengelege for allmenta. Informasjonen frå registeret blir brukt av kredittopplysningsinstitusjonar, bankar og næringsdrivande som ønskjer rekneskapsinformasjon. Rundt 160 000 norske selskap er pliktige til å sende inn årsrekneskapane sine. Dei siste fire åra har det vore mogleg å sende inn rekneskapar elektronisk, og i 2004 var innsendinga lagd til Altinn, sjå elles om Altinn nedanfor.

Føretaksregisteret (oppretta i 1988, underlagt Nærings- og handelsdepartementet) har ansvar for å registrere alle norske og utanlandske føretak som driv næringsverksemd i Noreg, med unntak av ein del enkeltpersonføretak. Registeret skal sikre rettsvern og oversikt, og er ei viktig kjelde for

alle som treng korrekte opplysningar om aktørane i norsk næringsliv. Ved utgangen av 2004 var det registrert i overkant av 333 000 føretak i Føretaksregisteret. Aksjeselskap utgjorde 47 prosent av registrerte føretak per 31. desember 2004.

Einingsregisteret (oppretta i 1995, no underlagt Nærings- og handelsdepartementet) inneheld grunndata om alle einingar/juridiske personar som har registreringsplikt i arbeidsgivarregisteret, meirverdiavgiftsmanntalet, Føretaksregisteret, skattemanntalet for etterskotspliktige skattyttarar, Stiftelsesregisteret og i Statistisk Sentralbyrås bedrifts- og føretaksregister, i tillegg til dei som registrerer seg frivillig for å få organisasjonsnummer. Tilveksten til Einingsregisteret har vore høg dei siste åra. Det ser ut som om verdien av organisasjonsnummeret som identifikator blir meir og meir verdsett både i det offentlege og i det private.

Altinn er ei innrapporteringsløyse og portal for offentlege tenester til næringslivet. Brønnøysundregistra har forvaltningsansvaret for Altinn (www.altinn.no). Nærings- og handelsdepartementet har det overordna ansvar. Målsetjinga for arbeidet med elektroniske tenester som er retta mot næringslivet, er å sikre samordna tenester, tempo i utviklinga og at utviklinga samsvarar med behova i næringslivet. Portalen har hatt stor tilstrøyming av brukarar. Brønnøysundregistra tilbyr i dag elektronisk innsending av årsrekneskapen gjennom Altinn. Tenesta nettbasert registrering i Føretaksregisteret og Einingsregisteret skal etter planen gjerast tilgjengeleg frå Altinn i løpet av 2006.

Den overordna målsetjinga er at i løpet av 2008 skal Altinn bli næringslivets inngangsportal til alle offentlege tenester. Her skal bedriftene få éin kanal for å finne informasjon om rettar og plikter, om offentlege krav og tilbod, nødvendige elektroniske skjema for søknader, for alle pålagde skjema osv. Her er arkiv slik at bedriftene på ein enkel måte skal finne att kommunikasjonen sin med det offentlege. Også svar på søknader og anna som i dag kjem i posten skal bedriftene kunne få tilsendt elektronisk via Altinn.

3 Krav i direktivet og forslag til gjennomføring

3.1 Innleiing

Her gjer vi greie for krav i direktivet og forslag til gjennomføring i norsk rett.

Forslaga byggjer på høyringsnotatet som er omtala i kapittel 2. Forslaga i høyringsnotatet,

synspunkta til høyringsinstansane og vår vurdering er tekne inn etter kvarandre.

Det er teke utgangspunkt i direktivet slik det ligg føre i engelsk offisiell omsetjing, men det er sitert frå den norske offisielle omsetjinga (førebels ikkje publisert).

Verkeområdet til endringsdirektivet og første selskapsrettsdirektiv omfattar berre aksjeselskap og allmennaksjeselskap. Første selskapsrettsdirektiv er gjennomført m.a. ved opprettinga av Foretaksregisteret. Registeret registrerer og kunngjer selskapsopplysningar for selskap med avgrensa så vel som uavgrensa ansvar, og for enkeltpersonforetak. Foretaksregisteret tilbyr i dag nettbasert registrering til dei fleste foretak. Vi vil vidareføre dette som ei ordning som er til fordel både for det offentlege og brukarane.

Direktivet sitt krav om rett til elektronisk innsending er i praksis ivareteke ved at dei fleste foretak i dag får tilbod om nettbasert registrering. Retten til elektronisk innsending blir i praksis gitt til fleire foretak enn det direktivet krev. Det eksisterer ikkje rettslege hinder i regelverket for elektronisk innsending. Både krava i direktivet og dei næringsdrivande sitt behov er etter vår vurdering tilstrekkeleg ivareteke, og i tråd med vurdering i høyringsnotatet føreslår vi ikkje ei uttrykkeleg lovregulering. Så lenge ordning for elektronisk signatur ikkje er på plass, inneber underskriftskrava i foretaksregisterlova at dei som bruker nettbasert registrering, må sende inn underskriven papirutskrift. Ei signeringsløyising blir tilgjengeleg gjennom den nye offentlege sikkerheitsportalen i løpet av 2006.

Direktivet sitt krav om elektronisk lagring er også klart oppfylte i praksis. Både ved Foretaksregisteret, Einingsregisteret og Rekneskapsregisteret blir alle dokument og opplysningar i dag lagra elektronisk. Papirdokument blir skanna og lagde i elektroniske databasar, elektronisk innrapporterte dokument blir lagde direkte inn. I tråd med vurdering i høyringsnotatet, går departementet ikkje inn for å lovregulere krav om elektronisk lagring.

Dagens dokumentopplysningsplikt, sjå kapittel 3.6, er ikkje avgrensa til aksjeselskap og allmennaksjeselskap. Det blir føreslått at endringsforslaget skal gjelde for alle foretak, som i dag.

3.2 Pålegg om elektronisk innrapportering til registra

3.2.1 Direktivet

Det går fram av direktivet artikkel 3 nr. 2 andre ledd at medlemsstatane kan

«pålegge alle selskaper eller visse kategorier av selskaper å inngi alle eller visse typer av slike dokumenter og opplysningar elektronisk».

3.2.2 Forslag i høyringsnotatet

Frå det offentlege si side vil det vere ressursparande å påleggje næringsdrivande å sende inn dokument og opplysningar elektronisk. Dette er med på å effektivisere registreringa. Det vil også vere til fordel for brukarane mellom anna når det gjeld saksbehandlingstid. Eit stort fleirtal av dei næringsdrivande har i dag tilgang til PC og Internett. På den andre sida kan innføring av tvungen elektronisk innsending innebere ei meirbelastning for dei næringsdrivande som ikkje har enkel tilgang til elektronisk kommunikasjon. Det kan delvis ordnast ved overgangsordningar.

Høyringsnotatet peika på at det kan bli aktuelt å innføre reglar som pålegg dei næringsdrivande elektronisk innsending. I høyringsnotatet vart det derfor føreslått ein heimel i foretaksregisterlova § 4-1 nytt fjerde ledd til å gi forskrift om pålegg om elektronisk innsending av pliktige selskapsopplysningar.

Ved registrering og ved endringsmeldingar til m.a. Einingsregisteret og Foretaksregisteret skal samordna registermelding nyttast. For å få samanheng i regelverket vart det også føreslått heimel til å gi forskrift om pålegg om elektronisk innsending i einingsregisterlova § 12 nytt tredje ledd. Pålegg om elektronisk innrapportering vil i første rekkje vere aktuelt for einingar som også er registreringspliktige i Foretaksregisteret. Avhengig av korleis einingane bruker elektronisk innrapportering, kan det på lengre sikt vere aktuelt å la pålegget omfatte andre einingar i Einingsregisteret.

Dei omsyna som talar for å påleggje næringsdrivande elektronisk innsending til Foretaksregisteret og Einingsregisteret, talar også for å påleggje dei elektronisk innsending til Rekneskapsregisteret. I eit tilleggshøyringsbrev 13. januar 2006 vart det føreslått heimel til å gi forskrift om pålegg om elektronisk innsending i rekneskapsregisterlova § 8-2 fjerde ledd andre punktum.

Det vart føreslått generelle forskriftsheimlar. Ved innføring av pålegg om elektronisk innrapportering vil det mellom anna bli gjort ei nærmare vurdering av kva for typar foretak heimlane skal omfatte. Tidspunktet for innføringa av eit slikt pålegg, og kven som skal omfattast av det, er avhengig av kor stor auken i bruken av elektronisk innrapportering blir framover. Det er ikkje aktuelt å innføre slike pålegg før i 2008. Det vil bli vurdert

å ta i bruk stimulerings tiltak først. Forskriftsreguleringane vil bli sende på ordinær høyring.

«kunne fås fra registret på papir eller elektronisk etter søkerens valg».

3.2.3 Høyringsinstansane sitt syn

Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon peikar på at ved eventuell innføring av pålegg om elektronisk innrapportering må det vurderast overgangsordningar, sidan fleire norske bedrifter framleis ikkje har tilgang til PC og Internett. Fleire andre næringsorganisasjonar peikar på tilsvarende problemstilling.

Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening uttalar:

«Fra vår side er det en forutsetning at man anvender positive stimulerings tiltak først, slik det blant annet er gjort med hensyn til innsending til Regnskapsregisteret (utsatt forsinkelsesgebyrfrist ved bruk av Altinn), med hensikt å oppnå mest mulig frivillig overgang til elektronisk innrapportering.

Dessuten må infrastrukturen være bedre tilrettelagt enn den er i dag; det vil si ved landsdekkende bredbåndsutbygging fordi det erfaringsmessig er for tungt å jobbe mot Altinn bare via ISDN og lignende».

Høyringsinstansane har elles ikkje hatt merknader til forslaget.

3.2.4 Departementet si vurdering

Nærings- og handelsdepartementet vil, i tråd med forslaget, føreslå å ta inn heimlar til å gi forskrift om pålegg av elektronisk innsending i føretaksregisterlova § 4-1 nytt fjerde ledd, einingsregisterlova § 12 nytt tredje ledd og rekneskapsregisterlova § 8-2 fjerde ledd andre punktum. I samband med vurderinga om å innføre ei forskrift om pålegg om elektronisk innrapportering, vil også overgangsordningar bli vurdert.

Lov 15. juni 2001 nr. 59 om stiftelser (stiftingslova) § 8 har føresegn om m.a. innsending til Stiftingsregisteret. I siste ledd er det gitt opp at fleire av føresegna i føretaksregisterlova skal gjelde tilsvarende for stiftingar. Føretaksregisterlova § 4-1 er ikkje nemnd. Det må truleg etablerast eigen heimel til å gi forskrift om pålegg av elektronisk innsending til stiftingsregisteret i stiftingslova. Slik heimel vart ikkje omtalt i høyringsnotatet. Dette vil bli vurdert på eit seinare tidspunkt.

3.3 Elektronisk kopi frå registra

3.3.1 Direktivet

Direktivet, artikkel 3 nr. 3 andre ledd, slår fast at kopiar skal

3.3.2 Forslag i høyringsnotatet

Einingsregisteret og Føretaksregisteret avleverer, i motsetning til Rekneskapsregisteret, i dag ikkje elektroniske kopiar enkeltvis. Plikta til elektronisk avlevering er heller ikkje regulert i regelverket for Einingsregisteret og Føretaksregisteret. Ei rekkje selskapsopplysningar er tilgjengelege elektronisk gjennom nettsidene til registra. Dette er i hovudsak kunngjeringar og nøkkelopplysningar i Einingsregisteret o.l.

Det er nødvendig med ei endring av føretaksregisterforskrifta og einingsregisterlova for å gjennomføre krava i direktivet.

I høyringsnotatet vart det føreslått å regulere at det er høve til å få elektronisk kopi av dei elektronisk lagra dokumenta. Kostnader ved å få ein elektronisk kopi eller ein papirkopi skulle ikkje vere høgare enn administrasjonskostnadene, jf. artikkel 3 nr. 3 i direktivet.

Det går elles fram av artikkel 3 nr. 3 i direktivet at medlemsstatane kan bestemme at dokument som er leverte inn på papir seinast 31. desember 2006, ikkje skal vere å få elektronisk dersom det er gått eit visst tidsrom mellom den datoen då dei vart innleverte, og dato for innlevering av søknad til registeret. Dette tidsrommet kan ikkje vere kortare enn ti år.

I høyringsnotatet vart det føreslått at retten til å få elektronisk kopi av lagra dokument skulle avgrensast til dokument som er sende inn etter 1. januar 1997. Dokument før den tid er lagra på mikrofilm.

3.3.3 Høyringsinstansane sitt syn

Ingen av høyringsinstansane har kommentert forslaget.

3.3.4 Departementet si vurdering

Nærings- og handelsdepartementet går, i tråd med forslaget, inn for at einingsregisterlova § 22 andre ledd blir endra slik at det går fram at det er høve til å få elektroniske kopiar av dei elektronisk lagra dokumenta. Tilsvarende klargjering vil bli tatt inn i føretaksregisterforskrifta § 12 første ledd. Kostnader ved å få ein elektronisk kopi eller ein papirkopi skal ikkje vere høgare enn formidlingskostnadene. Retten til å få elektronisk kopi av lagra dokument blir avgrensa til dokument som er sende inn etter 1. januar 1997.

3.4 Elektronisk stadfesting av elektronisk kopi frå registra

3.4.1 Direktivet

Etter direktivet, artikkel 3 nr. 3 siste ledd, skal det nyttast i det minste ein avansert elektronisk signatur dersom det blir gjort ei stadfesting ved avlevering av elektroniske dokumentkopiar. Definisjonen på ein avansert elektronisk signatur går fram av *lov 15. juni 2001 nr. 81 om elektronisk signatur § 3 nr. 2*.

3.4.2 Forslag i høyringsnotatet

I høyringsnotatet vart det føreslått å ta inn rett til elektronisk stadfesting av elektroniske kopiar i foretaksregisterforskrifta § 12, einingsregisterlova § 22 og rekneskapsregisterforskrifta § 3-1.

I utkast til lovtekst vart ikkje nemninga «avansert elektronisk signatur» brukt. Det vart i staden føreslått ei formulering med innhaldsmessige krav til den elektroniske stadfestinga som samsvarer med innhaldet i ein avansert elektronisk signatur. Den elektroniske stadfestinga måtte vere eigna til å autentisere avsendar og innhaldet i dokumentet. Det skal då vere mogleg å identifisere avsendar, og dataintegriteten skal sikrast. Dette er i tråd med dei formuleringane i lovteksten som vart valde i eRegel-prosjektet, jf. Ot.prp. nr. 108 (2000–2001).

3.4.3 Høyringsinstansane sitt syn

Finansnæringens Hovedorganisasjon og Sparebankforeningen påpeikar at omgrepet "autentisering" i utkast til lovtekst knyter seg til identifisering av avsendar og ikkje til innhaldet i eit dokument, og at lovteksten heller bør lyde:

«Utsendelse av elektroniske dokumenter skal skje ved hjelp av en metode for å autentisere avsender og sikre dokumentet mot endring, dersom rekvirenten ber om det».

3.4.4 Departementet si vurdering

Nærings- og handelsdepartementet går, i tråd med forslaget, inn for å ta inn ein rett til å få elektronisk stadfesta elektroniske kopiar i einingsregisterlova § 22. Tilsvarende rett vil bli tatt inn i foretaksregisterforskrifta § 12 og rekneskapsregisterforskrifta § 3-1.

I tråd med merknader i høyringsrunden, foreslår vi ein lovtekst der det går fram at det skal nyttast ein metode som sikrar autentisering av avsendar og sikrar dokumentet mot endring.

3.5 Registrering og kunngjering av omsette selskapsopplysningar

3.5.1 Direktivet

Etter artikkel 3a nr. 1 i direktivet skal dokument og opplysningar som blir offentleggjorde etter artikkel 2, opprettast og leverast inn på norsk. Etter artikkel 3a nr. 2 i direktivet skal det i tillegg til den nemnde obligatoriske offentleggjeringa på norsk tillatast at dokument og opplysningar som er nemnde i artikkel 2, frivillig blir offentleggjorde på det språket ein ønskjer av dei offisielle språka til Fellesskapet, når eit selskap krev det i samsvar med artikkel 3. Etter artikkel 3a nr. 3 kan det elles tillatast frivillig offentleggjering på alle andre språk. Det kan innførast krav om at omsetjinga av dokument og opplysningar som frivillig blir kunngjorde etter artikkel 3a nr. 2 og 3, skal vere stadfesta. Det går elles fram av artikkel 3a nr. 2 tredje ledd at medlemsstatane skal treffe nødvendige tiltak for å lette tredjepersons tilgang til omsetjingar som er offentleggjorde frivillig.

Verknaden i forhold til tredjeperson av at det er offentleggjort slike omsetjingar, er regulert i artikkel 3a nr. 4 i direktivet og lyder slik:

«I tilfelle av manglende samsvar mellom dokumenter og opplysninger offentliggjort på registerets offisielle språk og oversettelsen som er offentliggjort frivillig, kan sistnevnte ikke påberopes overfor tredjemann. Tredjemann kan derimot påberope seg oversettelser som er offentliggjort frivillig, med mindre selskapet godtgjør at tredjemann kjente til den versjonen som er gjenstand for obligatorisk offentliggjøring.»

3.5.2 Forslag i høyringsnotatet

Etter norsk regelverk i dag er det ikkje mogleg å registrere selskapsopplysningar på andre språk enn norsk. Det har vorte tillate å leggje omsette versjonar av registrerte opplysningar, som for eksempel årsrekneskap på engelsk, i mappa til føretaka i registeret. Men slike omsetjingar har ikkje vore registrerte formelt og har heller ikkje vore kunngjorde.

I høyringsnotatet vart det, i samsvar med krav i direktivet, føreslått at ein skulle etablere ein rett for selskap med avgrensa ansvar til frivillig registrering og kunngjering av omsetjingar til alle språk i Fellesskapet, i første ledd i ny § 6-3 i foretaksregisterlova.

Verknaden i forhold til tredjeperson av at det er offentleggjort omsetjingar, er regulert i direktivet, artikkel 3a nr. 4. Føresegna vernar utanforståande tredjeperson ved manglende samsvar mellom

omsetjingane og dei norskregistrerte opplysningane. Føreseigna inneber at tredjeperson skal kunne stole på det han eller ho les, og at han/ho skal kunne leggje til grunn dei norskregistrerte opplysningane som er offentleggjorde. Tredjeperson som berre kjenner den offentleggjorde omsetjinga, skal likevel kunne vise til denne. Selskapet har bevisbyrda for å godtgjere at tredjeperson eventuelt kjende til dei norskregistrerte opplysningane. I høyringsnotatet vart det føreslått at ein skulle ta dette inn i den nye lovføreseigna i foretaksregisterlova.

I høyringsnotatet vart det påpeika at Foretaksregisteret sin kontroll er avgrensa til dei norske dokumenta som kjem inn til registrering, jf. foretaksregisterlova § 5-1. Registrering og kunngjering av omsetjingar skal ystast som ein service til selskap som ønskjer dette. Selskapet skal altså ha ansvaret for at innhaldet i omsetjingane er i samsvar med dei norskregistrerte opplysningar til kvar tid.

Det vart vidare føreslått at omsetjingar som ein ønskjer å offentliggjere, skal førast inn på vanleg måte i registeret. Det offentlege vil ikkje stille krav om at omsetjingane er stadfesta av autorisert translør, sjølv om direktivet opnar for dette. Det er i selskapet si eigeninteresse å ha korrekte omsetjingar fordi selskapet sjølv har ansvaret. Selskapet må såleis vurdere om det vil bere kostnadene i samband med autorisert translør.

Direktivet gir ikkje konkret tilvising om korleis ein skal offentliggjere omsetjingar. I høyringsnotatet vart det føreslått at omsetjingar skal offentliggjera samtidig med den obligatoriske kunngjeringa av dei norskregistrerte opplysningane. Det vil gi best oversikt.

3.5.3 Høyringsinstansane sitt syn

Næringslivets Hovudorganisasjon uttalar:

«NHO ber om at departementet sørger for at Foretaksregisteret gir enhver som benytter seg av muligheten for offentliggjøring på annet språk en norsk, tydelig opplysning om at selskapene risikerer ansvar overfor tredjemann ved manglende språklig samsvar mellom opplysningene i norsk og utenlandsk versjon. »

Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening uttalar:

«Selv om rådsdirektivet er begrenset til å omfatte selskaper med begrenset ansvar, merker vi oss at de fleste av dets plikter foreslås

gjeldende for andre organisasjonsformer. Hva angår retten til å få registrert og kunngjort oversatte selskapsopplysninger, finner vi det således berettiget at dette også får anvendelse for øvrige registreringspliktige allerede nå.»

Ingen av høyringsinstansane har elles kommentert forslaget.

3.5.4 Departementet si vurdering

Nærings- og handelsdepartementet går, i tråd med forslaget i høyringsnotatet, inn for å sikre ein rett til frivillig registrering og kunngjering av omsetjingar til alle språk for aksjeselskap og allmennaksjeselskap i Fellesskapet i ny § 6-3 i foretaksregisterlova. Det kan vere aktuelt frå eit seinare tidspunkt å utvide tilbodet til i praksis også å gjelde andre organisasjonsformer. Selskapa sitt ansvar for at innhaldet i omsetjingane er i samsvar med dei norskregistrerte opplysningane går fram i lovteksten. Departementet vil i samråd med Brønnøysundregistra sikre at selskapa får tilstrekkeleg informasjon om sitt ansvar.

Krava i endringsdirektivet omfattar også rett til registrering og kunngjering av omsette opplysningar i Rekneskapsregisteret.

Etter vår vurdering må denne retten også gå fram av regelverket. Etter rekneskapslova § 8-2 fjerde ledd andre punktum, kan det fastsetjast nærare reglar om innsending til Rekneskapsregisteret. Finansdepartementet vurderer denne føreseigna til å gje heimel til å fastsetje forskrift om rett til frivillig innsending av omsette rekneskapsdokument til Rekneskapsregisteret, men peikar på at det kan vere tenleg, særleg med omsyn til den særskilte ansvarsregelen, å ha føreseigna i lova.

Vi føreslår derfor eit nytt femte ledd i rekneskapslova § 8-2 som viser til foretaksregisterlova ny § 6-3.

3.6 Dokumentopplysningsplikt for næringsdrivande

3.6.1 Direktivet

Det går fram av direktivet artikkel 4 tredje ledd og tiande ledd i fortalen at dokumentopplysningsplikta blir utvida til å gjelde for brev og bestillingsblankettar uavhengig av kva for medium dei finst på, og for heimesider. Kravet inneber at obligatoriske opplysningar om selskapet også skal gå fram i m.a. elektroniske dokument, i tillegg til heimesidene til foretaket.

3.6.2 Forslag i høringsnotatet

Dagens dokumentopplysningsplikt i foretaksregisterlova og einingsregisterlova byggjer på selskapsrettsdirektiva. Etter foretaksregisterlova § 10-2 første ledd inneber plikta at føretaka skal gi opp namn og organisasjonsnummer, og eventuelt nemninga MVA på brev, kunngjeringar og andre dokument. Etter foretaksregisterlova § 10-2 andre ledd skal ytterlegare tilleggsopplysningar takast med for aksjeselskap og allmennaksjeselskap. Dei som ikkje rettar seg etter denne plikta, blir sanksjonerte med tvangsmulkt.

I høringsnotatet vart det foreslått å gjere dokumentopplysningsplikta i foretaksregisterlova § 10-2 første og andre ledd teknologinøytral, i samsvar med krava i direktivet.

Foretaksregisterlova og einingsregisterlova har i dag ulike formuleringar av kva for dokument dokumentopplysningsplikta omfattar. Foretaksregisterlova bruker «brev, kunngjeringar og andre dokumenter», mens einingsregisterlova har uttrykket «brev og forretningsdokumenter».

I samband med endringer i einingsregisterlova i 2004 (Ot.prp. nr. 80 (2003–2004)) varsla departementet at ein ville kome tilbake til spørsmålet om å samordne formuleringane i foretaksregisterlova og einingsregisterlova i samband med oppfølginga av endringsdirektivet til første selskapsrettsdirektiv.

Høringsnotatet peika på at formuleringa i foretaksregisterlova, «brev, kunngjeringar og andre dokumenter», og formuleringa «brev og forretningsdokumenter» i einingsregisterlova ikkje har noko eintydig innhald. I første selskapsrettsdirektiv (68/151/EØF) og i endringsdirektivet (2003/58/EF) bruker ein det noko meir presise uttrykket «letters and order forms», på norsk omsett til «brev og bestillingsblanketter». I den danske omsetjinga er uttrykket omsett til «breve og bestillingssedler». I det danske forslaget til gjennomføring av endringsdirektivet bruker ein elles uttrykket «breve og forretningspapirer».

I høringsnotatet vart det foreslått å endre dokumentopplysningsplikta i foretaksregisterlova § 10-2 til å omfatte «brev og forretningsdokumenter», i tråd med den løysinga som er vald i einingsregisterlova. Det vart vurdert slik at behovet for dokumentopplysningar er størst der føretaket tek på seg plikter i ulike typar bestillingsdokument, pakksetlar, ordrestadfestingar o.l., og på fakturadokument o.l. Formuleringa «brev og forretningsdokumenter» vil dekkje alle desse dokumenttypane og krava i direktivet.

Vi foreslo elles å stryke foretaksregisterlova § 10-2 andre ledd andre punktum om at den «tegnede og innbetalte kapital» skal givast opp, sidan dette er ei løysing som berre var mogleg etter den gamle aksjelova 4. juni 1976 nr. 59 § 2-9 tredje ledd andre punktum, jf. Ot.prp. nr. 73 (1991–1992) s. 15.

3.6.3 Høringsinstansane sitt syn

Finansnæringsens Hovedorganisasjon og Sparebankforeningen påpeikar i felles høyringssvar:

«Det blir stadig flere steder i lovverket hvor det stilles krav til hvilken informasjon som skal legges ut på bedrifters hjemmesider når det gjelder firmanavn, organisasjonsnummer, hvor bedriften er registrert og så videre. For uten i foreliggende lovforslag er det allerede slike krav både i angrerettloven §§ 7 og 7 a og ehandelsloven § 8. De to foreninger antar det lett kan bli uoversiktlig for bedriftene når 'lister' med slike informasjonskrav spres i lovgivningen og disse heller ikke alltid er fullt ut 'samstemte' mht hvilke opplysninger som kreves.»

Handels- og Servicenæringsens Hovedorganisasjon meiner krava til dokumentopplysningsplikta ikkje bør gå lenger enn til uttrykket «letters and order forms» i selskapsrettsdirektivet, og at ordet «forretningsdokumenter» bør presiserast nærmare slik at det går fram at ikkje alle typar korrespondanse blir omfatta av kravet.

NARF peikar på at det er enkelte utfordringar knytt til det å gjere dokumentopplysningsplikta teknologinøytral. Dei uttalar:

«Ut fra det gjengitte er vi usikre på om dokumentopplysningsplikten skal gjelde for alle typer e-post, eller kun der e-posten i seg selv er å anse som et – pr. definisjon – brev eller forretningsdokument (alternativ: ordredokument).»

Næringslivets Hovedorganisasjon uttalar:

«NHO støtter forslaget om å endre foretaksregisterloven § 10-2 slik at dokumentopplysningsplikten gjøres teknologinøytral i samsvar med direktivets krav.

Vi mener imidlertid at forslaget om å endre foretaksregisterloven § 10-2 slik at den omfatter «brev og forretningsdokumenter» går for langt i forhold til formuleringene som finnes i direktivene dokumentopplysningskravene bygger på. Vi viser i denne sammenheng til bemerkningene i vår høringsuttalelse forut for Ot.prp. nr. 80 (2003–2004) – som er inntatt i høringsnotatet pkt. 3.7, og som vi fortsatt står ved.

NHO mener begrepet «forretningsdokumenter» er for omfattende og uklart, og at plik-

ten derved strekkes lengre enn det er grunn til. Vi minner i denne sammenheng om at det er knyttet alvorlige rettsvirkninger til brudd på dokumentopplysningsplikten – tvangsmulkt – og at det således er grunn til å benytte et presist og snevrere begrep.

NHO mener dokumentopplysningsplikten bør knyttes til brev og ordredokumenter, og at det i forarbeidene bør angis hva som menes med dette. Behovet for dokumentopplysninger er størst der foretaket påtar seg forpliktelser, og bør begrenses til dokumenter av denne typen. Begrepet «forretningsdokumenter» vil lett oppfattes å dekke også andre dokumenter, så som reklamemateriell og andre dokumenter av mer generell karakter.

Dersom begrepet «forretningsdokumenter» benyttes, bør det klart fremgå av forarbeidene at begrepet kun er ment å dekke dokumenter som stifter rettigheter, så som bestillingsdokumenter, pakksedler og ordrebekreftelser.»

3.6.4 Departementet si vurdering

Nærings- og handelsdepartementet går, i tråd med forslaget i høringsnotatet, inn for at dokumentopplysningsplikta i foretaksregisterlova § 10-2 første og andre ledd og i einingsregisterlova § 23 skal gjelde for dei aktuelle opplysningane, uavhengig av kva for medium dei finst på, og for heimesider, i samsvar med krav i direktivet. Det er ikkje kome merknader frå høringsinstansane på dette.

Dokumentopplysningsplikta vil gjelde når det reelle innhaldet er (tilsvarande) eit brev eller forretningsdokument. Det vil seie at for eksempel for e-post vil plikta til å gi desse opplysningane avhenge av om *innhaldet* er eit formelt brev eller forretningsdokument. Ein e-post som berre oversender eit vedlagt brev, treng ikkje ha slik informasjon.

Vi går inn for å bruke uttrykket «forretningsdokumenter» i lovteksten, i tråd med forslag i høringsnotatet, slik at formuleringa blir språkleg samordna med einingsregisterlova § 23. Som peika på i høringsnotatet, vil behovet for dokumentopplysningar vere størst der foretaket tek på seg plikter, i ulike typar bestillingsdokument, pakksedlar, ordrestadfestingar o.a., og på fakturadokument o.l. Det er i all hovudsak desse typene dokument som er omfatta av dokumentopplysningsplikta. Utsendingar av reklame og kundemateriell og dokument av meir generell karakter som ikkje er meint å gi/etablere rettskrav, fell utanfor.

I tråd med forslag i høringsnotatet, føreslår vi å stryke foretaksregisterlova § 10-2 andre ledd

andre punktum om at den «tegnede og innbetalte kapital» skal givast opp.

Merknadene frå *Finansnæringens Hovedorganisasjon* og *Sparebankforeningen* gjeld kva for opplysningar som skal omfattast av plikta.

Vi er einige i at like krav til opplysningar bør formulerast likt i ulike regelverk.

Føresegnene i foretaksregisterlova og einingsregisterlova regulerer den generelle dokumentopplysningsplikta for næringsdrivande. Sjølv om angrerettlova §§ 7 og 7a og ehandelsova § 8 stiller til dels samanfallende krav til opplysningar, m.a. om namn og organisasjonsnummer, krev dei også ei rekkje andre opplysningar. Det har samanheng med at dette er særreguleringar av spesielle situasjonar. Angrerettlova §§ 7 og 7a skal verne forbrukaren i forkant av at det blir inngått avtale, og ved fjernsal. Ehandelsova regulerer handel på nett. Føresegnene har eit anna bruksområde og formål enn den generelle dokumentopplysningsplikta i foretaksregisterlova og einingsregisterlova, og kjem i tillegg til den.

4 Enkelte andre endringar

4.1 Forenkling av underskriftskrav

4.1.1 Innleiing

Brønnøysundregistra har overfor departementet teke opp behovet for å forenkle underskriftskrava til foretak som skal sende inn adresse og kontaktdata elektronisk til Foretaksregisteret og Einingsregisteret. Bakgrunnen er eit ønske om å harmonisere regelverket for Foretaksregisteret og Einingsregisteret, og å forenkle den elektroniske innsendinga.

4.1.2 Forslaget i høringsnotatet

Foretaket/eininga har i dag plikt til å melde endringar i registrerte data snarast mogleg til Foretaksregisteret/Einingsregisteret, jf. foretaksregisterlova § 4-1 andre ledd og einingsregisterlova § 15 første ledd.

Mange elektroniske tenester på nett bruker skjema der adresse- og kontaktdata er utfylte på førehand. Alle offentlege verksemder har plikt til å bruke slik informasjon (grunndata). Adresse-data omfattar postadresse og forretningsadresse, mens kontaktdata omfattar telefonnummer, telefaksnummer, mobiltelefonnummer, e-postadresse og heimeside. Det er ein fordel for alle at slike opplysningar er oppdaterte. I dag gjer under-

skriftskrava i registerlovgivinga det tungvint å rette feil i desse opplysningane, når dei for eksempel blir oppdaga i førehandsutfylte skjema. Melding til Føretaksregisteret må vere underskriven av anten alle meldepliktige eller den som har signaturrett, jf. føretaksregisterlova § 4-3. Melding til Einingsregisteret skal underskrivast av dagleg leiar, forretningsfører, innehavar eller tilsvarende kontaktperson, jf. einingsregisterlova § 8. Der- som eininga også er registrert i Føretaksregisteret, kan ein følgje underskriftskrava i føretaksregisterlova.

På bakgrunn av erfaringar med elektroniske tenester og gjenbruk av grunndata frå registra, særleg i Altinn, er det behov for å vurdere enklare underskriftskrav for endringar av adresse om føretak/einingar. Forenkla underskriftskrav er aktuelt berre for mindre endringar som ikkje utløyser krav om vedtektsendring. For forretningsadresser vil for eksempel flytting av forretningskontor til ein annan kommune utløyse krav om vedtektsendring/selskapsavtaleendring. Enklare underskriftskrav vil derfor berre gjelde for adresseendring inn- anfor same kommune.

I høyringsnotatet vart det føreslått forskriftsheimlar i føretaksregisterlova § 4-3 nytt andre ledd og i einingsregisterlova § 8 nytt tredje ledd tredje punktum om at departementet kan gjere unntak frå underskriftskrava ved elektronisk innsending av adressa til selskapet, og for endring av opplysningar om telefonnummer, telefaksnummer, og andre elektroniske adresser.

4.1.3 Høyringsinstansane sitt syn

SSB er einig i at dagens krav til underskrifter ved elektronisk innsending av adresse og kontaktdata til Føretaksregisteret og Einingsregisteret har gjort det urimeleg tungvint å rette feil i desse opplysningane, og støttar endringsforslaget.

4.1.4 Departementet si vurdering

Nærings- og handelsdepartementet går, i tråd med forslag i høyringsnotatet, inn for ein forskriftsheimel der departementet kan gjere unntak frå underskriftskrava ved elektronisk innsending av adresse og kontaktdata.

4.2 Andre endringar

4.2.1 Innleiing

Det er behov for å gjere enkelte andre endringar i einingsregisterlova og føretaksregisterlova for å

effektivisere den elektroniske kommunikasjonen, og for å harmonisere og oppdatere regelverket.

4.2.2 Forslag i høyringsnotatet

I føretaksregisterlova § 1-1 fjerde ledd går det i dag uttrykkeleg fram at krav

«i eller i medhold av loven her om underskrift eller om at klage, underretning eller liknende skal gis skriftlig, er ikke til hinder for bruk av elektronisk kommunikasjon».

I høyringsnotatet vart det føreslått at ein skulle ta inn ei tilsvarende føresegn i einingsregisterlova § 3, for å harmonisere regelverket i Einingsregisteret og Føretaksregisteret.

Av føretaksregisterlova § 6-2 siste ledd går det fram at registerføraren

«skal kunngjøre opplysninger som nevnt i rådsdirektiv 68/151/EØF gjennom Brønnøysundregistrenes elektroniske kunngjøringspublikasjon med en gang de er registrert».

I høyringsnotatet vart det føreslått å endre føretaksregisterlova § 6-2 sjette ledd slik at føresegna viser til endringane som vart gjorde ved rådsdirektiv 2003/58/EF.

Føretaksregisterlova § 4-4 listar opp kva for vedlegg som skal følgje melding etter føretaksregisterlova § 4-1. Dokumentasjonen skal sendast inn i stadfesta gjenpartar.

I høyringsnotatet vart det føreslått å oppheve kravet til stadfesting av gjenpartar i føretaksregisterlova § 4-4. Kravet til stadfesting er ei formforskrift som skal sikre at det innsende dokumentet er rett kopi av originaldokumentet. Kravet inneber ikkje noko innhaldsmessig stadfesting, og er først og fremst tradisjonelt grunnlagt. Ved Føretaksregisteret og Einingsregisteret blir ikkje manglande stadfesting på gjenpartar handheva som sjølvstendig nektingsgrunn. Kravet kan komplisere den elektroniske innsendinga.

4.2.3 Høyringsinstansane sitt syn

Ingen av høyringsinstansane har kommentert forslaga.

4.2.4 Departementet sine vurderingar

Nærings- og handelsdepartementet går, i tråd med forslaget i høyringsnotatet, inn for å harmonisere einingsregisterlova § 3 med føretaksregisterlova § 1-1 fjerde ledd. I tråd med forslaget går vi også inn for å oppdatere føretaksregisterlova

§ 6-2 sjette ledd, og vi går vidare inn for å oppheve kravet til stadfesting av gjenpartar i foretaksregisterlova § 4-4.

5 Administrative og økonomiske konsekvensar

Ei gjennomføring av direktivet medfører behov for endringar i delar av dei tekniske løysingane ved Foretaksregisteret og Rekneskapsregisteret, m.a. må løysingar for elektroniske signaturar kome på plass.

Direktivforslaget om å tillate registrering og kunngjering av omsetjingar kan føre til at fleire dokument må registrerast. Dette kan gi ein mindre auke i arbeidsoppgåvene for Foretaksregisteret og Rekneskapsregisteret. Det er svært usikkert kor mykje retten til å få registrert/kunngjort opplysningar på andre språk vil bli brukt. Vi reknar med at auken i dei administrative kostnadene vil bli små.

For dei næringsdrivande vil det ikkje vere særlege kostnader i samband med det å gjennomføre opplysningsplikter som er fastsette i direktivet. Det er ikkje tale om å skaffe fram nye opplysningar, men berre å gi opp tidlegare gitte opplysningar på nye medium. Ein del foretak har alt i dag dei aktuelle opplysningane på internettsidene sine.

Elles vil det vere store fordelar ved ein fullverdig elektronisk kommunikasjon, både for det offentlege og dei næringsdrivande.

6 Merknader til dei enkelte føresegnene

6.1 Lov 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak

Til § 4-1 nytt fjerde ledd

Føresegna gir heimel til at ein i forskrift kan pålegge dei registreringspliktige i Foretaksregisteret å sende inn selskapsopplysningar og -dokument elektronisk. Tilsvarende forskriftsheimel er føreslått i einingsregisterlova § 12 nytt tredje ledd og i rekneskapsregisterlova § 8-2 fjerde ledd andre punktum.

Heimelen er generell. Ved innføring av pålegg om elektronisk innrapportering må det m.a. gjerast ei nærmare vurdering av kva for typar foretak det skal omfatte. Tidspunktet for innføringa av slikt pålegg og kven det skal omfatte, er avhengig av kor stor auken i bruken av elektronisk innrapportering

blir framover. Det er ikkje aktuelt å innføre slike pålegg før i 2008. Det blir vurdert å ta i bruk stimuleringsiltak først. Overgangsordningar vil bli vurdert.

Til § 4-3 nytt andre ledd

Føresegna gir heimel til at ein i forskrift kan gjere unntak frå underskriftskrava i foretaksregisterlova § 4-3 første ledd ved elektronisk innsending av adressa til selskapet og for endring av opplysningar om telefonnummer, telefaksnummer og andre elektroniske adresser. Forenkla underskriftskrav er berre aktuelt for mindre endringar som ikkje utløyser krav om vedtektsendring. For forretningsadresser vil for eksempel flytting av forretningskontor til ein annan kommune utløse krav om vedtektsendring/selskapsavtaleendring. Forenkla underskriftskrav vil derfor berre gjelde for adresseendring innanfor same kommune.

Til § 4-4 første ledd bokstav a-c

Foretaksregisterlova § 4-4 listar opp kva for vedlegg som skal følgje melding etter foretaksregisterlova § 4-1. Det blir føreslått at ein opphevar kravet om at vedlegg etter § 4-4 a-c skal sendast inn i bekrefte gjenpartar. Kravet er ei formforskrift og inneber ikkje noka innhaldsmessig stadfesting. Kravet kan komplisere den elektroniske innsendinga.

Til § 6-2 sjette ledd

Føresegna viser til rådsdirektiv 68/151/EØF med tanke på opplysningar som skal kunngjerast i den elektroniske kunngjeringspublikasjonen til Brønnøysundregistra, og blir for ordens skuld oppdatert gjennom tilvising til dei endringane som er gjorde i rådsdirektiv 2003/58/EF.

Til ny § 6-3

Første ledd sikrar rett til frivillig å registrere og kunngjere omsetjingar av opplysningar i Foretaksregisteret til alle språka i Fellesskapet. Dette er i samsvar med rådsdirektiv 2003/58/EF artikkel 3a nr. 4.

Omsetjingar som ein ønskjer å få offentleggjort, skal først inn i registeret på vanleg måte. Delvise omsetjingar vil ikkje bli godtekne. Det inneber at for eksempel omsette enkeltføresegner i vedtektene eller delar av årsrekneskapen ikkje kan registrerast. Det blir ikkje stilt krav om at omsetjingane er bekrefte av autorisert translatør. Det er i foretaket si eigeninteresse å ha korrekte omsetjingar fordi det har ansvaret, og selskapet må

sjølv vurdere om det vil bere kostnadene til autorisert translatør.

Omsetjingar blir kunngjorde samtidig med den obligatoriske kunngjeringa av dei norskregistrerte opplysningane. Det inneber at omsetjinga må sendast inn i tilknytning til den obligatoriske førstegongsmeldinga, eller til endringsmeldingar. I kunngjeringssteksten vil det bli opplyst at det ligg føre ei omsetjing, og kva for eit språk omsetjinga ligg føre på. Opplysning om dette går fram på engelsk i tillegg til norsk. Registeret skal sørje for at annan standardtekst i den elektroniske kunngjeringspublikasjonen ligg føre på engelsk i tillegg til norsk.

Andre ledd regulerer verknaden i forhold til tredjeperson av at det er offentleggjort slike omsetjingar. Føreseigna tilsvare formulering i artikkel 3a nr. 4 i direktivet.

Føreseigna vernar utanforståande tredjeperson når det er manglande samsvar mellom omsetjingane og dei norskregistrerte opplysningane. Føreseigna inneber at tredjeperson skal kunne stole på det han eller ho les, og at han eller ho skal kunne leggje til grunn dei norskregistrerte opplysningane som er offentleggjorde. Tredjeperson som berre kjenner den offentleggjorde omsetjinga, skal likevel kunne vise til denne. Selskapet har bevisbyrda for å godtgjere at tredjeperson eventuelt kjende til dei norskregistrerte opplysningane.

Føretaksregisteret skal berre kontrollere dei norske dokumenta som kjem inn til registrering, jf. føretaksregisterlova § 5-1. Selskapet har ansvaret for at innhaldet i omsetjingane er i samsvar med dei norskregistrerte opplysningar til kvar tid.

Til § 10-2 første ledd første punktum

I samsvar med krav i rådsdirektiv 2003/58/EF er det føreslått endringar for å gjere dagens dokumentopplysningsplikt teknologinøytral. Det inneber at dokumentopplysningsplikta skal gjelde for dei aktuelle opplysningane, uavhengig av kva for medium dei finst på, og for heimesider.

I tillegg føreslår ein at uttrykket «brev, kunngjeringar og andre dokumenter» blir erstatta med uttrykket «brev og forretningsdokumenter». Tilsvarende uttrykk er nytta i einingsregisterlova, og endringa inneber ei harmonisering av dei to lovene. Uttrykket «forretningsdokumenter» omfattar dokument der føretaket tek på seg plikter, ulike typar bestillingsdokument, pakksetlar, ordrestadfestingar o.l., men også fakturadokument o.l. Utsendingar av reklame og kundemateriell og dokument av meir generell karakter som ikkje er meint å gi/etablere rettskrav, fell utanfor.

Til § 10-2 andre ledd første punktum

Det er føreslått endringar som inneber at dokumentopplysningsplikta for aksjeselskap og allmennaksjeselskap skal gjelde for dei aktuelle opplysningane, uavhengig av kva for medium dei finst på, og for heimesider. Endringa er ledd i gjennomføringa av krav i rådsdirektiv 2003/58/EF.

Til § 10-2 andre ledd andre punktum

Andre ledd andre punktum om at den «tegnede og innbetalte kapital» skal givast opp er føreslått oppheva. Dette er ei løysing som berre var mogleg etter den gamle aksjelova 4. juni 1976 nr. 59 § 2-9 tredje ledd andre punktum, jf. Ot.prp. nr. 73 (1991–1992) s. 15.

6.2 Lov 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret

Til § 3 nytt tredje ledd

Det føreslätte tillegget gjer det klart at krav i lova om underskrift, om at dokument skal vera skriftleg o.l ikkje er til hinder for elektronisk kommunikasjon. Ein tilsvarende regel finst i føretaksregisterlova § 1-1 fjerde ledd, og forslaget her inneber ei harmonisering av regelverka.

Til § 8 nytt tredje ledd

Det føreslätte tillegget gir departementet heimel til å gi forskrift om unntak frå underskriftskrava ved elektronisk innsending av eininga si adresse, og for endringar i opplysningar om telefonnummer, telefaksnummer og andre elektroniske adresser. Sjå kommentarar til føretaksregisterlova § 4-3 nytt andre ledd.

Til § 12 nytt tredje ledd

Føreseigna gir heimel til i forskrift å påleggje dei registreringspliktige elektronisk innsending til Einingsregisteret. Tilsvarende føresegn er teken inn i føretaksregisterlova § 4-1 nytt fjerde ledd og rekneskapsregisterlova § 8-2 fjerde ledd andre punktum. Sjå kommentarar til føretaksregisterlova § 4-1 nytt fjerde ledd.

Til § 22 andre ledd første punktum

Den føreslätte endringa inneber at retten til å få elektroniske kopiar frå registeret går klart fram. Endringa er ledd i gjennomføringa av rådsdirektiv 2003/58/EF. Kostnader ved å få ein elektronisk kopi eller ein papirkopi skal ikkje bli høgare enn formidlingskostnadene. Retten til å få elektronisk

kopi av lagra dokumenter blir avgrensa til dokument som er sende inn etter 1. januar 1997.

Til § 22 nytt tredje ledd

Føresegna sikrar rett til å få elektronisk stadfesting frå registeret ved avlevering av elektroniske kopiar. Endringa er ledd i gjennomføringa av rådsdirektiv 2003/58/EF (første selskapsrettsdirektiv). Registeret vil ikkje automatisk gi elektronisk stadfesting, rekvirenten må sjølv be om dette. Direktivet stiller krav om at slik stadfesting skal skje ved hjelp av ein avansert elektronisk signatur. Denne nemninga er ikkje nytta i lovteksten. I staden stiller ein innhaldsmessige krav til den elektroniske stadfestinga som samsvarer med innhaldet i ein avansert elektronisk signatur. Metoden registeret bruker ved stadfesting skal vere eigna til å autentisere avsendar og sikre dokumentet mot endring.

Til § 23 første punktum

Det er føreslått endringar som inneber at dokumentopplysningsplikta skal gjelde for dei aktuelle opplysningane, uavhengig av kva for medium dei finst på, og for heimesider. Endringa er ledd i gjennomføringa av krav i rådsdirektiv 2003/58/EF.

6.3 Lov 17. juli 1998 nr. 56 om årsrekneskap

Til § 8-2 fjerde ledd andre punktum

Føresegna gir heimel til at ein i forskrift kan pålegge dei rekneskapspliktige elektronisk innsending

til Rekneskapsregisteret. Tilsvarende føresegn er teken inn i føretaksregisterlova § 4-1 nytt fjerde ledd og einingsregisterlova § 12 nytt tredje ledd. Sjå kommentarar til føretaksregisterlova § 4-1 nytt fjerde ledd.

Til § 8-2 nytt femte ledd

Etter føresegna skal føretaksregisterlova § 6-3 om omsette selskapsopplysningar og –dokument gjelde tilsvarende. Det sikrar selskapa ein rett til frivillig å registrere og kunngjere omsetjingar av opplysningar i Rekneskapsregisteret til alle språka i Fellesskapet. Dette er i samsvar med rådsdirektiv 2003/58/EF artikkel 3a nr. 4. Sjå kommentarar til føretaksregisterlova ny § 6-3.

Vi gjør elles merksam på at retten til registrering av omsette dokument og opplysningar kjem i tillegg til, og ikkje i staden for dei lovbestemte krava til registrering og innsending av opplysningar og dokument i rekneskapslova, mellom anna rekneskapslova § 2-6 om krav til språk.

Nærings- og handelsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringer i foretaksregisterloven, enhetsregisterloven og regnskapsloven (gjennomføring av rådsdirektiv 2003/58/EF).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t a r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringer i foretaksregisterloven, enhetsregisterloven og regnskapsloven (gjennomføring av rådsdirektiv 2003/58/EF) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringer i foretaksregisterloven, enhetsregisterloven og regnskapsloven (gjennomføring av rådsdirektiv 2003/58/EF)

I

I lov av 21. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak gjer ein desse endringane:

§ 4-1 nytt fjerde ledd skal lyde:

Departementet kan i forskrift gi regler som pålegger de registreringspliktige elektronisk innsending til registeret.

§ 4-3 nytt andre ledd skal lyde:

Departementet kan i forskrift gjøre unntak fra underskriftskravene i første ledd for melding om adresseendring og for endring av opplysninger om telefonnummer, telefaksnummer og andre elektroniske adresser.

§ 4-4 første ledd bokstav a–c skal lyde:

Som vedlegg til melding etter § 4-1 skal følge:

- a) *Gjenpart* av stiftelsesdokument og *utskrift* av protokollen fra generalforsamlinger som viser meldte opplysninger i aksjeselskap, allmennaksjeselskap, annet selskap med begrenset ansvar, forening og annen innretning; selskapsavtalen for ansvarlig selskap, kommandittselskap og europeisk økonomisk foretaksgruppe, selskapsavtalen for interkommunalt selskap, for stiftelser, stiftelsesdokumentet eller den disposisjonen som ellers danner grunnlaget for stiftelsen, og gjenpart av vedtak om opprettelse av regionalt helseforetak og helseforetak.
- b) *Gjenpart* av stiftelsesdokumentet og protokoll fra senere foretaksmøter som viser meldte opplysninger i statsforetak.
- c) *Utskrift* av protokoll som viser valg av styremedlemmer, observatører og revisor.

§ 6-2 sjette ledd skal lyde:

Registerføreren skal kunngjøre opplysninger som nevnt i rådsdirektiv 68/151/EØF *med endringer ved rådsdirektiv 2003/58/EF* gjennom Brønnøysundregistrenes elektroniske kunngjøringspublikasjon med en gang de er registrert.

Ny § 6-3 skal lyde:

(Registrering og kunngjøring av selskapsopplysninger og dokumenter på Fellesskapets offisielle språk))

Aksjeselskap og allmennaksjeselskap har rett til å få registrert og kunngjort selskapsopplysninger og dokumenter som nevnt i artikkel 2 i rådsdirektiv 68/151/EØF med endringer ved artikkel 3a i rådsdirektiv 2003/58/EF på ethvert av Fellesskapets offisielle språk.

I tilfelle av manglende samsvar mellom dokumenter og opplysninger offentliggjort på registerets offisielle språk og oversettelser som er kunngjort frivillig, kan sistnevnte ikke påberopes overfor tredjeperson. Tredjeperson kan påberope seg oversettelser som er offentliggjort frivillig, med mindre selskapet godtgjør at tredjeperson kjente til den versjonen som er gjenstand for obligatorisk offentliggjøring.

§ 10-2 første ledd første punktum skal lyde:

Et foretaks *hjemmesider på Internett*, brev og *forretningsdokumenter, uavhengig av hvilket medium de forefinnes på*, skal inneholde foretakets organisasjonsnummer og foretaksnavn.

§ 10-2 andre ledd første punktum skal lyde:

Et aksjeselskaps og et allmennaksjeselskaps *hjemmesider på Internett*, brev og *forretningsdokumenter, uavhengig av hvilket medium de forefinnes på*, skal i tillegg angi det register der selskapet er registrert, selskapsform, hovedkontor og eventuelt at selskapet er under avvikling.

§ 10-2 andre ledd annet punktum blir oppheva.

II

I lov av 3. juni 1994 nr. 15 om Enhetsregisteret gjer ein desse endringane:

§ 3 nytt tredje ledd skal lyde:

Krav i eller i medhold av loven her om underskrift eller om at klage, underretning eller liknende

skal gis skriftlig, er ikke til hinder for bruk av elektronisk kommunikasjon.

§ 8 nytt syvende ledd skal lyde:

Departementet kan i forskrift gjøre unntak fra underskriftskravene i første ledd for melding om adresseendring og for endring av opplysninger om telefonnummer, telefaksnummer og andre elektroniske adresser.

§ 12 nytt tredje ledd skal lyde:

Departementet kan i forskrift gi regler som pålegger de registreringspliktige elektronisk innsending til registeret.

§ 22 andre ledd første punktum skal lyde:

Enhver har rett til å få tilgang til og utskrift av opplysninger registrert i Enhetsregisteret, og elektronisk kopi av dokumenter registrert i registeret.

§ 22 nytt tredje ledd skal lyde:

Papirkopier skal bekreftes å være «rett kopi», med mindre rekvirenten gir avkall på bekreftelsen. Utsendelse av elektroniske dokumenter skal skje ved hjelp av en metode for å autentisere avsender og for å sikre dokumentet mot endring, dersom rekvirenten ber om det.

§ 23 første punktum skal lyde:

En registreringsenhets hjemmesider på Internett, brev og forretningsdokumenter uavhengig av hvilket medium de forefinnes på, skal inneholde enhetens organisasjonsnummer og navn.

III

I lov 17. juli 1998 nr. 56 om årsregnskap gjer ein desse endringane:

§ 8-2 fjerde ledd andre punktum skal lyde:

Departementet kan fastsette nærmere regler om innsending til Regnskapsregisteret og gi regler som pålegger de regnskapspliktige elektronisk innsending.

§ 8-2 nytt femte ledd skal lyde:

Lov 2. juni 1985 nr. 78 om registrering av foretak § 6-3 om registrering og kunngjøring av selskapsopplysninger og dokumenter på Fellesskapets offisielle språk gjelder tilsvarende for innsending av oversettelser av årsregnskapet, årsberetningen og revisjonsberetningen.

IV

Lov om endringer i foretaksregisterloven, enhetsregisterloven og regnskapsloven gjeld frå den tid Kongen fastset. Kongen kan setje i kraft dei ulike føresegnene til ulik tid.